



**DET KONGELEGE FORNYINGS-  
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT**

*Statsråden*

Datatilsynet  
Postboks 8177 Dep.  
0034 OSLO

Dykker referanse

Vår referanse  
200703595-/TNY

Dato  
13. februar 2009

## **STATSBUDSJETTET 2009 - TILDELINGSBREV**

Det vert vist til Stortinget si handsaming av St. prp. nr. 1 (2008-2009), jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2008-2009). Med bakgrunn i dette har Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) utarbeidd dette tildelingsbrevet, som gir dei økonomiske rammene for Datatilsynet i 2009 og fastset prioriteringar, resultatmål og krav til rapportering.

### **1. BUDSJETT OG FULLMAKTER**

#### **1.1 Budsjettildeling**

##### **1.1.1 Rammer**

**Utgifter:**

Datatilsynet er tildelt **27,955 mill. kroner** fordelt på følgjande kapittel og post i 2009:

**Kap. 1570 Datatilsynet**

*(i 1000 kr)*

<b>Post</b>	<b>Nemning</b>	<b>Budsjett 2009</b>
01	Driftsutgifter	27 955
	Sum kap. 1570	27 955

### **1.1.2 Føresetnader for tildelinga**

Inkludert i ramma er det vidareført 2 mill. kroner til ekstra styrking av informasjons-tiltak i 2009.

Økonomiforvaltninga i Datatilsynet i 2009 skal vere i samsvar med instruks fastsett av departementet 16.12.2004.

Datatilsynet har ansvar for å planleggje verksemda i 2009 slik at måla kan verte nådde innanfor rammene av dei løyvingane som er gitt i dette brevet, jf. Reglement for økonomistyring i staten § 4. Datatilsynet må ikkje pådra seg utgiftar utan at det er budsjettmessig dekning. Dersom det oppstår problem med økonomistyringa, skal Datatilsynet setje i verk tiltak slik at det ikkje vert behov for å auke løyvinga.

## **1.2 Fullmakter**

Økonomiske og administrative fullmakter går fram av vedlegg 1.

## **2. MÅL OG KRAV FOR 2009**

### **2.1 Hovudmål, hensikt og formål**

Hovudmålet er at personopplysninga vert handsama i samsvar med grunnleggande personvernomsyn. Det vil seie at omsynet til personleg integritet og privatlivet vert vareteke, og at personopplysningane har naudsynt kvalitet.

Hensikta er å verne den einskilde mot krenking av personverninteressene i samband med handsaming av personopplysningar.

Verksemda skal gjennom tilsyn og sakshandsaming kontrollere at lover og forskrifter om handsaming av personopplysningar blir følgde, og at feil og manglar vert retta. Datatilsynet skal informere om utviklinga i samfunnet og aktuelle problemstillingar som gjeld handsaming av personopplysningar. Datatilsynet har ei viktig rolle i å skape aktiv debatt og merksemd om sentrale personvernsørsmål. Tilsynet skal òg overvake stillinga til personvernet i samfunnet på område der Datatilsynet ikkje har direkte vedtakskompetanse.

### **2.2 Mål og resultatkrav**

Datatilsynet skal i 2009:

- styrke tilsynsverksemda ytterlegare og gjennomføre risikobaserte tilsyn innan prioriterte område. Blant områda som skal prioriterast er kontrollar innan ulike

delar av justis-, sosial- og helsesektoren, statleg forvaltning, elektronisk kommunikasjon og tenester på internett.

- medverke til at personvernet vert tilstrekkeleg veklagt, mellom anna ved å delta i råd, utval og samarbeidsfora nasjonalt og internasjonalt og gjennom høyningsfråsegner.
- vidareføre satsinga på ekstra kommunikasjonstiltak for å skape merksemd om personvernet og auke kunnskapen om plikter og rettar etter lovgivinga og god skikk. Kampanjen "DuBestemmer" skal vidareførast. Det vil òg verte retta eit auka fokus mot verksemder både i privat og offentleg sektor.
- syte for korrekt og effektiv sakshandsaming i samsvar med føremål og krav i forvaltningslova. Som hovudregel skal innkomne saker svarast på innan ti veker.

## **2.3 Særskilt satsing**

### **2.3.1 Kommunikasjonstiltak**

I samband med vidareføringa av kampanjen "DuBestemmer", skal det utarbeidast eit opplegg retta mot elevar på 5. – 7. trinn.

Kommunikasjonstiltak retta mot verksemder skal omhandle utforming av system og rutinar for dokumentert internkontroll og informasjonstryggleik. Sikring mot id-tjuveri skal vere eit sentralt tema.

### **2.3.2 Andre prosjekt**

FAD kjem tilbake til dette i supplerande tildelingsbrev når detaljane er klare.

## **2.4 Administrative føringer**

Ei overordna målsetjing er å gjere brukarane sitt møte med det offentlege enklare og frigjere ressursar både hos brukarane og hos det offentlege. Datatilsynet må legge til rette for at meldepliktige kan få tilgang via Altinn (ev. MiSide).

Utfyllande administrative føringer for verksemda i Datatilsynet går fram av vedlegg 2.

## **3. ÅRSPLAN FOR VERKSEMDA**

FAD ber om at Datatilsynet sender årsplanen for 2009 til departementet til orientering innan 1. mars 2009.

## **4. RAPPORTERING**

### **4.1 Rapportar og tidsfristar.**

#### **4.1.1 Rapportering til FAD**

For 2009 skal det rapporterast i to tertialrapportar og årsrapport. Rapporteringsfristar går fram av vedlagt styringskalender, sjå vedlegg 6. Frist for årsrapport 2009 blir gitt i det årlege rundskrivet om innrapportering til statsrekneskapen. Ut over dette skal Datatilsynet rapportere utan opphald om vesentlege hendingar eller avvik frå mål, resultatkrav eller lov-, regel- og avtaleverk.

#### **4.1.2 Statsrekneskapen**

Fristane for 2009 går fram av vedlagt styringskalender. Fristane for statsrekneskapen for 2009 vert fastsett i november 2009. Datatilsynet kan legge til grunn om lag same fristar som for statsrekneskapen for 2008.

#### **4.1.3 Datatilsynet si årsmelding**

Datatilsynet skal gi Kongen orientering om verksemda gjennom ei årsmelding, jf. § 42 i personopplysningslova. FAD ber om å få tilsendt årsmeldinga for 2009 seinast innan 10. februar 2010.

### **4.2 Utforming og innhald i tertialrapportane**

Det skal rapporterast i samsvar med vedlagte malar, sjå vedlegg 3 og 4. Resultatkrava for 2009 er operasjonaliserte og innarbeidde i malane.

### **4.3 Utforming og innhald i årsrapporten**

Det skal rapporterast i samsvar med vedlagt mal om årsforbruk og årsresultat, sjå vedlegg 5.

### **4.4 Utforming og innhald i rapportar til statsrekneskapen.**

Rapportering til statsrekneskapen skal oppfylle krava som vert stilt i rundskriv frå Finansdepartementet (R-10/2008).

## **5. STYRINGSDIALOGEN I 2009**

### **5.1 Kontaktmøte**

Datatilsynet vil bli innkalla til kontaktmøte med statsråden ved behov.

### **5.2 Etatsstyringsmøte**

Det er planlagt to etatsstyringsmøte i 2009. På første møte vert bl.a. årsrapport og årsmelding for 2008, plan for verksemda i 2009 og risikovurderingar i samband med dei fastsette måla gjennomgått.

Tidspunkt: 25. mars 2009, kl. 09:30 – 11:30.

På andre møte vert bl.a. rapport frå 2. tertial drøfta. Tema innan strategi og budsjettarbeid, risiko/avvik og status for måloppnåing vert tekne opp på møtet. Dato for møtet vert fastsett seinare.

Med helsing

Heidi Grande Røys (e.f.)  
statsråd

Vedlegg:

- 1) Oversikt over økonomiske og administrative fullmakter
- 2) Administrative føringar
- 3) Mal for 1. tertialrapport
- 4) Mal for 2. tertialrapport
- 5) Mal for årsrapport
- 6) Styringskalenderen for 2009

Kopi:  
Riksrevisjonen